



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
08.01.2018	1769/2018	Hilde Hernes Hovland

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur- og folkehelseutvalet	07.02.2018

Kulturtilstskot 2018 - 3-årig driftstilstskot til regionale kulturorganisasjonar og -institusjonar

Bakgrunn

Fylkeskommunen har ansvar for utvikling, formidling og forvalting innan områda kulturminneforvalting, kulturformidling, bibliotek og folkehelse og fysisk aktivitet.

Fylkesplan 2017-2020 og Økonomiplan 2018-2021, legg føringar på prioriteringar innanfor det samla kulturfeltet. Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker eit breitt og variert kulturtilbod over heile fylket.

Svært mange institusjonar og organisasjonar får driftstilstskot over kulturavdelinga sitt budsjett. I sak KF-35/15 vart det gjort vedtak om å endre praksis for tildeling av driftstilstskot til 1-årig eller 3-årig. Meir føreseielege rammer, tydelegare evalueringsrutinar og opning for at nye regionale kulturaktørar kan kvalifiserer seg til driftstilstskot, var sentrale punkt i evalueringa.

Gjennom vedtak av sak KF-2/16 vedtok kultur- og folkehelseutvalet å gje 78 regionale organisasjonar 3-årig driftstilstskot i perioden 2016-2018. Dette betyr at 2018 er siste året i denne 3-års perioden. I tillegg ligg også God Helse-partnarskapen med 36 kommunar inne i denne saka. Avtalen med kommunane går til og med 2019.

Driftstilstskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak eller prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Tilskotet har eit langsigtig, strategisk preg, og går som hovudregel til varige føremål. Fylkeskommunalt driftstilstskot til frivillige organisasjonar/amatør-kultur er først og fremst retta mot fylkesfemnande organisasjonar/fylkesledd og organisasjonar med eit geografisk nedslagsfelt ut over vertskommune og dei omliggande kommunane.

Det vil bli lagt fram sak til kultur- og folkehelseutvalet til møtet i mars 2018 om prosess og forslag til kriteringer for tildeling av 3-årig driftstilstskot for perioden 2019-2021. Endelig tilråding blir lagt fram for kultur- og folkehelseutvalet i februar 2019. Det er også lagt opp til ei evaluering av God helse-partnarskapen og avtalane med kommunane. Det vil bli lagt fram for utvalet i eiga sak, første halvår 2019.

Vurdering

I framlegg til driftstilskot for 2018 er det totalt brukt 20 122 200 kroner til 3-årig driftstilskot og prosjekttilstskot i 2018, fordelt på 78 mottakarar og 36 kommunar i God Helse-partnarskapen.

Driftstilskota er med på å legge til rette for og fremme ei stor breidde av kultur- og fritidstilbod. Det er ei forventing at organisasjonar med offentleg støtte er allment tilgjengeleg, slik at alle som ønskjer det, har muligkeit til å delta i og oppleve eit mangearta kulturliv.

På generelt grunnlag er det behov for å presisere at som hovudregel kan ikkje mottakarar av fylkeskommunale tilskot søkje på fleire fylkeskommunale tilskotsordningar til same tiltak. Dette gjeld mottakarar både av driftstilskot og prosjekttilstskot.

Driftstilskot blir betalt ut i to terminar. 75 prosent etter vedtak i kultur- og folkehelseutvalet, og resten når dei har levert godkjent rapportering (årsmelding og revidert rekneskap for 2017). Rapportane er grunnlag for vurdering i høve prisjustering av tilskota.

Fylkesrådmannen føreslår ein generell prisjustering på om lag 2 prosent med nokre unntak. Unntaka blir gjort greie for under kvar kategori.

Vurderingar rundt justering av driftstilskotet for 2018 følgjer under:

Barn og unge

	2017	2018	Endring %
4H Møre og Romsdal	102 000	104 000	2,0
Møre og Romsdal Natur og Ungdom	10 200	10 200	0
Nordmøre Søndagsskolekrets	10 200	10 400	2,0
Norges KFUK-KFUM Møre og Romsdal krins	20 400	20 800	2,0
Norsk kulturskoleråd Møre og Romsdal	20 400	20 800	2,0
Romsdal og Nordmøre krets av Norges Speiderforbund	10 200	10 400	2,0
Romsdal Søndagsskolekrets	10 200	10 400	2,0
Sunnmøre Krets av NSF (Norges Speiderforbund)	10 200	10 400	2,0
Sunnmøre Søndagsskolekrets	15 300	15 600	2,0
Totalt	209 100	213 000	1,9

Møre og Romsdal Natur og Ungdom er ikkje prisjustert då dei ikkje har levert godkjent rapport i 2017.

Friluftsliv og idrett

	2017	2018	Endring %
Det frivillige skyttervesen - Mørekretsen	99 000	101 000	2,0
Forum for natur og friluftsliv (FNF)	214 000	218 000	1,9
Friluftsrådet for Ålesund og omegn	214 000	218 000	1,9
Møre og Romsdal Idrettskrets (inkludert særkretsane)	2 750 000	2 805 000	2,0
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal	58 000	59 000	1,7
Nordmøre og Romsdal friluftsråd	214 000	218 000	1,9
Norges jeger- og fiskerforbund	214 000	218 000	1,9
Turistforeningene i Møre og Romsdal	220 000	224 000	1,8
Totalt	3 983 000	4 061 000	1,9

Det frivillige skyttervesen – Mørekretsen består av fire samlag, Nordmør, Romsdal, Sunnmør og Søre Sunnmør med om lag 12 500 medlemmer. Det fylkeskommunale driftstilskotet blir brukt til innkjøp av premiar og elles vidarefordelt til samlaga.

Møre og Romsdal fylkeskommune kanaliserer tilskot til idretten i Møre og Romsdal gjennom Møre og Romsdal Idrettskrets. Dette betyr at ingen andre organisasjoner under kategorien idrett tek imot driftstilskot fra fylkeskommunen. Det er vidare stilt krav til at minimum 50 prosent av tilskotet skal gå til Møre og Romsdal Idrettskrets for å bruke ressursar til anleggsrådgiving og fellesidrettsleg aktivitet (t.d. idrettsrådsarbeid). 20 prosent av total tilskotsramma skal vidare brukast til å vidareføre FYSAK-ordninga (lågterskel fysisk aktivitet). Deler av tilskotet blir også satt av til aktivitetsmidlar som idretten kan søke på. Søkjrarar som får slik støtte, vil ikkje få støtte til same tiltak frå andre fylkeskommunale tilskotsordningar.

Interesseorganisasjonar innan helse

	2017	2018	Endring %
FFO, Møre og Romsdal	341 700	341 700	0,0
Norsk forbund for utviklingshemma	84 700	84 700	0,0
Møre og Romsdal Døveforening	193 800	193 800	0,0
Norges Astma og Allergiforbund, MR	61 200	61 200	0,0
Norsk Revmatikarlag, Møre og Romsdal	55 000	55 000	0,0
LHL Møre og Romsdal	62 200	62 200	0,0
Norges blindeforbund, MR	51 000	51 000	0,0
Norges Handikapforbund, Nord Vest (NHF)	114 200	114 200	0,0
Mental Helse Møre og Romsdal	49 000	49 000	0,0
Norges Diabetesforbund, MR	60 200	60 200	0,0
Kirkens SOS Møre og Romsdal	140 800	140 800	0,0
Autismeforeningen Møre og Romsdal fylkeslag	10 200	10 200	0,0
LPP Fylkesstyret Møre og Romsdal	10 200	10 200	0,0
M&R Parkinsonforening	10 200	10 200	0,0
Møre og Romsdal lydavis	183 600	183 600	0,0
Totalt	1 428 000	1 428 000	0,0

Det er ikkje føreslått prisjustering for interesseorganisasjonane innan helse for 2018. Dette med bakgrunn i generelt gode rammer for organisasjonane.

Kulturminneforvalting

	2017	2018	Endring %
Storfjordens Venner	32 000	32 700	2,2
Romsdal Sogelag	15 000	15 300	2,0
Noregs Ungdomslag i Møre og Romsdal (NUMØR)	50 000	51 000	2,0
Nordmøre Historielag	10 000	10 200	2,0
Møre og Romsdal Folkemusikklag	100 000	100 000	0
Møre og Romsdal Husflidslag/Husflidskonsulenten	316 000	322 500	2,1
DIS-Møre og Romsdal	12 000	12 000	0
Totalt	535 000	543 700	1,6

Møre og Romsdal folkemusikklag fekk ein betydeleg auke av driftstilskotet i 2016. Driftstilskotet for 2018 er derfor ikkje prisjustert.

DIS Møre og Romsdal får ikkje prisjustert sitt tilskot, då dei ikkje har levert godkjent rapport i 2017.

Historiske spel

	2017	2018	Endring %
Stiftinga Fru Guri av Edøy	137 700	140 500	2,0
Lady Arbuthnot/Jazzåteatret	127 500	130 000	2,0
Stiftinga Herøyspelet - Kongens Ring	127 500	130 000	2,0
Stiftinga Giskespelet	61 200	62 500	2,0
Totalt	453 900	463 000	2,0

Stiftinga Giskespelet blir synt fram kvart andre år, men etter avtale får stiftinga årleg driftstilskot frå fylkeskommunen.

Festivalar

	2017	2018	Endring %
Bjørnsonfestivalen	367 000	374 300	2,0
Dei Nynorske festspela	137 500	140 200	2,0
Fjord Cadenza	71 500	72 900	2,0
Matfestivalen	408 000	416 000	2,0
Momentium	343 500	350 500	2,0
RaumaRock og Fjellfestivalen	285 500	291 000	1,9
Vandrefestival	143 000	145 800	2,0
Vårsøg-helga	115 000	117 300	2,0
Høstscena	261 000	266 000	1,9
Totalt	2 132 000	2 174 000	2,0

Biletkunst

	2017	2018	Endring %
Nordic Light Photo Festival	400 000	400 000	0
Vestlandsutstillinga	130 000	130 000	0
Totalt	530 000	530 000	0

Nordic Light Photo Festival får også tilskot frå Kulturrådet. I tilsegnsbrev for 2017 fekk festivalen opplyst at den er vurdert for utfasing frå Kulturrådet med verknad frå i år. Dette vil skje ved ein gradvis nedtrapping av tilskotet. Kristiansund kommune har stadfesta at dei vidareførar tilskotet til festivalen med same beløp som for 2017 (ikkje prisjustert). Fylkesrådmannen vel å følgje kommunen ved ikkje å prisjustere driftstilskotet for 2018.

Organisasjonen *Vestlandsutstillinga(VU)* er eit samarbeid mellom ulike kunstforeiningar, kunsthus og biletkunstorganisasjonar på Vestlandet. I tillegg til Møre og Romsdal får dei driftstilskot frå fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I årsmelding for 2016 gir VU tydleg uttrykk for at organisasjonsstrukturen ikkje fungerer, og at dei jobbar med endring av denne. Dette har dei også jobba vidare med i 2017. Fylkesrådmannen har satt av driftstilskot til VU også i 2018. Tilskotet er ikkje prisjustert då det i budsjett frå VU ikkje er lagt inn forventning om prisjustering. Tilskotet vil ikkje bli utbetalt før vi har motteke ein statusoppdatering på eventuelle organisatoriske endringar.

Scenekunst

	2017	2018	Endring %
Seanse – Senter for kulturproduksjon	1 050 000	1 100 000	4,8
Totalt	1 050 000	1 100 000	4,8

Seanse, Senter for kulturproduksjon, arrangerer kunstnaropphold og støttar kunstproduksjonar for barn og unge som er under utvikling. Seanse er ein viktig del av den offentleg finansierte infrastrukturen i Møre og Romsdal, som har som mål å gje kunstarar i Møre og Romsdal gode rammevilkår for si verksemd.

Seanse har i tillegg til fylkeskommunal støtte, statleg driftstilskot, både frå Kunnskapsdepartementet og Kulturrådet. Frå 2018 har Kulturrådet nær dobla driftstilskotet til 1,3 mill. kroner.

Ein fylkeskommunal auke på 4,8 prosent er i tråd med prioriteringar i fylkesplan og økonomiplan, og arbeidet med ny kunstpolitikk i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Litteratur

	2017	2018	Endring %
Norsk Bibliotekforening, avd Møre og Romsdal	5 000	5 100	2,0
Norsk forfattersentrums Midt-Norge	65 000	66 300	2,0
Totalt	70 000	71 400	2,0

Musikk

	2017	2018	Endring %
Ensemble Dali	84 000	85 600	1,9
Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal	459 000	468 000	2,0
Indre Strøk Strykeorkester	15 000	15 300	2,0
Kristiansund Kirke Kunst Kulturakademi	510 000	520 000	2,0
Kristiansund symfoniorkester	41 000	41 800	2,0
Midt-Norsk Jazzsenter	85 500	87 200	2,0
Molde Domkirke	62 000	63 200	1,9
Møre og Romsdal musikkråd	400 000	408 000	2,0
Norges Korforbund Nordmøre	13 000	13 300	2,3
Norges Korforbund Romsdal	13 000	13 300	2,3
Norges Korforbund Sunnmøre	25 000	25 600	2,4
Norges musikkorpsforbund, Nordvest	495 000	505 000	2,0
Romsdalsorkesteret m.fl.	25 500	26 000	2,0
Ålesund orkesterskole	12 500	12 700	1,6
Ålesund symfoniorkester	510 000	520 000	2,0
Totalt	2 750 500	2 805 000	2,0

Diverse

	2017	2018	Endring %
Filmutvikling (Vestnorsk Filmsenter, Western Norway, Film Commision og Mediefondet Zefyr AS)	1 820 000	1 856 000	2,0
Actis, Rusfeltets samarbeidsorgan i M&R	32 000	32 000	0,0
Møre og Romsdal bygdekvinnelag	10 000	10 000	0
Norsk Pensjonistforbund	306 000	312 000	2,0
Folkeakademiet Midt-Norge	13 000	13 000	0
God helse-partnerskapen (folkehelsekoordinatorar)	4 450 000	4 450 000	0
Totalt	6 631 000	6 673 000	0,4

Kategorien er ein samlekategori for ulike inngåtte samarbeidsavtalar og organisasjonar. Fylkesrådmannen tilrår at tilskotet til filmutvikling (basert på ein forpliktande samarbeidsavtale frå 2011) og Norsk Pensjonistforbund Møre og Romsdal blir prisjustert med 2 prosent. Dei andre organisasjonane blir ikkje prisjusterte, då auken i driftstilskotet var på meir enn 20 prosent i 2016.

God Helse-partnarskapen

God helse-partnarskapen er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane i fylket. Det blir gitt tilskot til kommunane som forpliktar seg til å ha tilsett folkehelsekoordinator i minimum 50 prosent stilling og arbeide heilskapleg med folkehelse i heile kommunen sin verksemnd. Til bykommunane, Ålesund, Molde og Kristiansund er tilskotet på 150 000 kroner. Til dei andre kommunane er tilskotet på 125 000 kroner. Tilskotet til kommunane blir ikkje årleg prisjustert.

Kultur- og folkehelseutvalet vedtok å forlenge avtalen frå 2013-2016, til å gjelde ut 2019. Per 31. desember 2016 er det inngått avtalar med 36 kommunar.

1-årig driftstilskot

Det er ikkje alle aktørar som søker om driftstilskot, som kvalifiserer til 3-årig tilskot. Fylkesrådmannen føreslår å sette av inntil 500 000 kroner til 1-årig driftstilskot for 2018. Dette er ein auke på 100 000 kroner og basert på tildelingar i 2017.

Forslag til vedtak:

1. Kultur- og folkehelseutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg om driftstilskot for 2018 til regionale kulturinstitusjonar og -organisasjonar, slik det går fram av saksframlegget med slik fordeling mellom kategoriene:

Kategori	Driftstilskot 2018	Endring %
Barn og unge	213 000	1,9
Friluftsliv og idrett	4 061 000	1,9
Interesseorganisasjonar innan helse	1 428 000	0,0
Kulturminneforvalting	543 700	1,6
Historiske spel	463 000	2,0
Festivalar	2 174 000	2,0
Biletkunst	530 000	0
Scenekunst	1 100 000	4,8
Litteratur	71 400	2,0
Musikk	2 805 000	2,0
Diverse	6 673 000	0,4
Totalt	20 062 100	2,0

2. Det blir satt av inntil 500 000 kroner til 1-årig driftstilskot.
3. Løyvingane blir å dekke frå budsjettet til kulturavdelinga, ramme 57 Kulturtilstskot. Etter disponering av 20,562 mill. kroner, står det til rest 18,354 mill. kroner på ramme 57 Kulturtilstskot.
4. Dei generelle krava til rapportering og retten til innsyn i bruken av tilskotsmidlane blir lagt til grunn for alle tilskotsmottakarane. Jf. retningslinjer og føresetnader for tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune og vedtak i fylkestinget sak T-63/17, punkt 10.

5. Kultur- og folkehelseutvalet presiserer vidare følgjande:
 - a) Det er stilt krav til føring og revisjon av rekneskap i organisasjonar og institusjonar som får tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Det skal gå fram av årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
 - b) Ved tilsegn over 200 000 kroner er det stilt krav om autorisert revisor ved innsending av rekneskap/rapport.
 - c) Det skal gå fram av program, informasjonsdokument, rapportar og liknande at verksemda har motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
 - d) Rapportering frå året før (2017) må leverast kulturavdelinga innan 30. juni 2018 for sluttutbetaling av tilskot.
 - e) Som hovudregel kan ikkje mottakarar av fylkeskommunale tilskot, både drift og prosjekt, søkje på fleire fylkeskommunale tilskotsordningar til same tiltak.
 - f) Ordninga med følgjekort for funksjonshemma brukarar skal gjelde for dei opne kulturtilboda som tilskotsmottakarane står som arrangør av.
 - g) Tiltak som får prosjekt eller driftstilskot skal så langt som råd vere tilgjengeleg for alle, og byggje på prinsippet om universell utforming.
 - h) Kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar skal gjere bruk av Kulturnett Møre og Romsdal sine tenester, www.mr.kulturnett.no
 - i) Tilskotsmottakarar skal legge til rette for bruk av ordninga "Kulturrabatt for ungdom".
 - j) Institusjonar og organisasjonar mv skal gi opplysning om organisasjonsnummer for å få tilskot utbetalt.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Heidi-Iren Wedlog Olsen
Fylkeskultursjef

Vedlegg

- 1 Retningslinjer for kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune